



Envir AS
Sjøkrigsskoleveien 15
5165 LAKSEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Forlenging av mellombels løyve etter forureiningslova til varmebehandling av jord med framande skadelege artar for Envir AS

Statsforvaltaren har mellombels forlenga løyvet for Envir AS til å varmebehandle jord med framande skadelege artar. Løyvet gjeld jord med innhald av helse- og miljøfarlege stoff under normverdien. Aktiviteten skal gå føre seg innanfor allereie eksisterande krav. Endring av aktivitet gjeld til og med 31. desember 2022.

Det mellombelse løyvet blir gitt i påvente av behandling av søknad om permanent løyve og auka rammevilkår datert 8. november 2021.

Vi viser til søknad om løyve til mottak, lagring og varmebehandling av jord med framande skadelege artar datert 8. november 2021.

Vedtak om tidsavgrensa løyve

Statsforvaltaren gir Envir AS forlenga mellombels løyve til varmebehandling av jord med framande skadelege artar. Dette gjeld jord med innhald av helse- og miljøfarlege stoff under normverdien. Løyvet er gitt som ei endring i løyvet gitt 13. mars 2017 (med sist endring 31. august 2021). Endringa er tidsavgrensa frå dags dato til og med 31. desember 2022.

Det oppdaterte løyvet ligg vedlagt og erstattar mellombels løyve gitt 31. august 2021.

Endringa i løyvet av 13. mars 2017 (med sist endring 31. august 2021) er gjort med heimel i forureiningslova § 18 første ledd nr. 5.

Løyvet med endringar vil bli offentleggjort på www.norskeutslipp.no.



Bakgrunn og søknad

Envir AS har løyve til mottak, behandling og lagring av forureina massar, uorganisk materiale og organisk slam. Verksemda fekk 27. juni 2019 mellombels løyve til behandling av jord med framande skadelege artar til 31. mai 2020, og fekk 30. august 2021 nytt mellombels løyve til 31. desember 2021. Bakgrunnen for det mellombelse løyvet var eit forskingsprosjekt for å utvikle ei godkjent løysing for handtering av framande skadelege artar i jord.

Verksemda har 8. november 2021 sendt søknad om permanent løyve til mottak, maksimal lagringsmengde og varmebehandling av jord forureina med framande skadelege artar i tilstandsklasse 1 etter Miljødirektoratets *rettleiing Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn, TA 2553*. Det er søkt om mottak av 20 000 tonn jord forureina med framande skadelege artar og om maksimal lagringsmengde på 2000 tonn i maksimalt 3 månader.

Verksemda har opplyst at varmebehandling (prosess med vassdamp) fører til at jordluft blir forsterka og at det avhengig av vind/nedbør er noko lukt utanfor bygget. Vidare står det opplyst at så lenge jorddampanlegget har vore i drift har det ikkje vore klager på at det er ubehageleg lukt. Envir AS opplyser at dersom det oppstår lukt som blir opplevd som ubehageleg for naboar eller andre leigetakarar i Simonsviken vil det bli etablert skrubber på damputløpet på taket av lokala.

Envir AS har opplyst at føremålet med jorddampingsanlegget er å behandle jord slik at den kan bli gjenbrukt og slik at massane som må deponerast blir redusert. Vidare står det at jord ikkje er ein fornybar ressurs det er viktig å forvalte på ein berekraftig måte for framtidige generasjonar og at ved gjenbruk av massane beheld vi så mykje som mogleg av all jord i kretsløpet.

Statsforvaltarens vurdering

Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.

Forhold til plan

Området er regulert til industriareal og inngår i regulerings- og bebyggelsesplan Laksevåg. gnr. 149 og gnr. 150, Nygård - Nygårdsvik – Gledesnes vedtatt 24. juli 1964 (planid 40260000). Det er på gang arbeid med ny reguleringsplan for området.

Søknad datert 8. november 2021 inneber utviding av eksisterande rammevilkår. Bergen kommune har i brev datert 12. desember 2019 uttalt følgande:

«Før det eventuelt kan ligge til rette for en utvidet virksomhet, må det foreligge en ny, godkjent reguleringsplan eller det må gis dispensasjon fra plankravet i KPA2018. Kommunen har p.t. ikke mottatt søknad om en slik dispensasjon. Som vist til i nevnte høringsuttalelse, mener Bergen kommune at det kan være grunnlag for å vike fra plankravet i KPA 2018 ved en dispensasjon. Dette vil bli nærmere vurdert i forbindelse med en konkret søknad»

Dersom verksemda vil vere i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova skal Statsforvaltaren berre gje løyve etter forureiningslova § 11 med samtykke frå planmyndigheita. Auka mottaksmengder på anlegget og auka maksimal lagringsmengde er ei utviding av verksemda. I tillegg kan auka mottaksmengder føre til auka transport på området, noko som lar seg regulere best gjennom reguleringsplan. Vi stiller derfor behandling av søknad om utviding i bero til Envir AS først har sørga for avklaring med Bergen kommune som planmyndigheit.



Mellombels løyve til varmebehandling av jord med framande skadelege artar

Statsforvaltaren vurderer at varmebehandling av jord med framande skadelege artar kan bidra til å redusere spreiring av framande skadelege artar. Det kan også bidra til å redusere mengda massar til deponi og legge til rette for auka gjenbruk av massar. Statsforvaltaren er derfor positiv til å forlenge mellombels løyve til varmebehandling av jord med framande skadelege artar medan søknad om permanent løyve med auka mottaksmengde og maksimal lagringsmengde blir behandla.

Vi set som krav at aktiviteten skal gå føre seg innanfor allereie eksisterande vilkår. Det vil seie at aktiviteten skal gå føre seg i hall utan utslepp til vatn, det skal ikkje føre til auka støy eller luktulempor for naboane.

Statsforvaltaren vurderer at den mellombelse endringa er av miljømessig mindre betydning og vi har derfor forlenga mellombels løyve til 31. desember 2022 innanfor allereie eksisterande krav. På bakgrunn av dette vurderer vi at det ikkje er nødvendig å gjere ny vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Det mellombelse løyvet blir gitt i påvente av behandling av søknad datert 8. november 2021.

Saksgang

Vi har valt å forlenge mellombels løyve til varmebehandling av jord forureina med framande skadelege artar innanfor eksisterande rammevilkår i påvente av behandling av søknad datert 8. november 2021. Vi vurderer at endringa i løyvet er av miljømessig mindre betydning då endringa ikkje fører til auka mengder eller endra vilkår. Vi er kjent med denne aktiviteten og vurderer at konsekvensane av drifta er akseptable når det skjer innanfor eksisterande krav. Vi har derfor gjort unntak frå førehandsvarsel i behandlinga av denne saka, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd punkt b).

Varsel om saksbehandlingsgebyr

Statsforvaltaren tar saksbehandlingsgebyr for arbeid med løyve. Reglane om gebyrinnkreving er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi varslar med dette at vi har plassert arbeidet med dette løyvet under gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyret vil då vere 16 900 kroner. Gebyrsatsen er valt basert på vår ressursbruk ved handsaming av søknaden.

Eventuelle kommentarar på varselet om gebyrsats må de sende til Statsforvaltaren innan 14 dagar.

Retten til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ikkje klagast på.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Statsforvaltaren. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Statsforvaltaren også kunne gje på førespurnad.



Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Mellombels endring av løyve - varmebehandling - Avfall - Envir AS - 920206425 - Laksevåg - Bergen

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN
Sigurd Kvilekval Andersen	Lyrenesveien 5	5165	Laksevåg
Anders Osa-Svanberg	Lyrenesveien 15	5165	Laksevåg



Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Envir AS på Laksevåg

Fylkesmannen gjev Envir AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og det er endra med heimel i forureiningslova § 18. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 6. oktober 2016 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Verksemdsdata

Verksemd	Envir AS
Stad/Gateadresse	Sjøkrigsskoleveien 15, 5164 Laksevåg i Simonsviken Næringspark
Postadresse	Sjøkrigsskoleveien 15, 5164 Laksevåg
Kommune og fylke	Bergen, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	920 232 825, eigd av 920 206 425
Gards- og bruksnummer	gnr. 149 bnr. 4
NACE-kode og bransje	46.180 – Agenturhandel med spesialisert vareutval elles
Kategori for verksemda ¹	-

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2017.0171.T	1201.0753.01	2018/1994 og 2021/2923

Løyve gjeve første gang: 13.03.2017	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18, 3. ledd ² : -	Løyve sist endra: 21.12.2021
Kjell Kvingedal miljødirektør		Sissel Storebø seksjonsleiar
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>		

¹ Forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova

² Forureiningslova § 18 tredje ledd om endring og omgjerding av løyve etter 10 år

Endringslogg

Endringsnr.	Endringar av	Punkt	Omtale
5	21.12.2021	1.1	Lagt til aktiviteten «varmebehandling av jord med framande artar med damp. Gjeld jord med innhald av helse- og miljøfarlege stoff under normverdien». Endringa er mellombels fram til og med 31. desember 2022.
4	31.08.2021	1.1 Heile dokumentet Framsida	<ul style="list-style-type: none"> Lagt til aktiviteten «varmebehandling av jord med framande artar med damp. Gjeld jord med innhald av helse- og miljøfarlege stoff under normverdien». Endringa er mellombels fram til 31. desember 2021. Endra namn på anlegget frå Envir Jord AS til Envir AS. Endra organisasjonsnummer til både anlegg og ansvarleg eining.
3	27.06.2019	1.1 2.7, 3.2, 3.5 og 12.1 12.4	<ul style="list-style-type: none"> Lagt til aktiviteten «varmebehandling av jord forureina med framande artar med damp». Endringa er mellombels fram til 31. mai 2020. Erstatta omgrepet «Framande- og svartelista artar» med «Framande artar» då omgrepet «svartelista» ikkje lenger er i bruk. Oppdatert e-postadressa.
2	07.05.2019	6.1	Endra grenseverdiane for støy slik at dei gjenspeiler reell driftstid. Endra etter Miljødirektoratets klageavgjerd.
1	19.03.2018	Framsida 1, 1.1, 1.2, 3.2, 3.6 og 3.8	<ul style="list-style-type: none"> Auka lagringsmengden frå 3000 til 5000 tonn Tillatt mottak av fleire typar forureina massar og uorganisk materiale, inkludert jord, sand, stein og grus i tilstandsklasse 5 som ikkje er farleg avfall Tillatt behandling av massar i form av utsortering av grove massar og kniping av armeringsjern Tillatt mottak av organisk slam Sett tilleggskrav til nye avfallstypar

Innholdsliste

1	Rammevilkår	5
1.1	Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider	5
1.2	Avfallstypar som ikkje er omfatta av løyvet	6
1.3	Driftstid	6
1.4	Utforming av anlegget	6
2	Generelle vilkår	7
2.1	Utsleppsavgrensingar	7
2.2	Plikt til å halde grenseverdiar	7
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	7
2.4	Plikt til førebyggjande vedlikehald	7
2.5	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	7
2.6	Internkontroll	7
2.7	Krav til kompetanse	8
3	Krav til mottak og lagring av avfall	8
3.1	Journalføring og dokumentasjon ved mottak	8
3.2	Mottakskontroll	8
3.3	Informasjon til kundar	9
3.4	Krav til dekke	9
3.5	Spreiing av framande artar	9
3.6	Lagring	9
3.7	Krav til skjerming for vêr og vind	9
3.8	Vidarelevering av avfall	9
4	Utslepp til vatn	10
4.1	Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn	10
4.2	Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.	10
4.3	Reint overvatn	10
4.4	Oversikt	11
4.5	Sanitæravløpsvatn	11
5	Utslepp til luft	11
5.1	Støv	11
5.2	Lukt	11
6	Støy og lys	11
6.1	Støy	11
6.2	Kommunikasjonsplan for støy	12
6.3	Lys	12
7	Omsyn til nærmiljø	12
8	Grunnforureining og forureina sediment	12
9	Kjemikal	13
10	Energileiing	13
11	Avfall frå drifta av anlegget	13
12	Førebygging og beredskap mot forureining	14
12.1	Miljørisikoanalyse	14
12.2	Førebyggjande tiltak	14
12.3	Etablering av beredskap	14

12.4	Varsling om akutt forureining	14
13	Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen	15
13.1	Utsleppskontroll	15
13.2	Måleprogram	15
13.3	Kvalitetssikring av målingane	15
13.4	Rapportering til Fylkesmannen	15
14	Utskifting av utstyr	16
15	Eigarskifte	16
16	Nedlegging	16
17	Tilsyn	17
	VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1	18
	VEDLEGG 2 - Definisjonar	20

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, behandling, lagring og lasting på båt av forureina massar.

Oversikt over avfallstypar med tilhøyrande aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider som er omfatta av løyvet går fram av punkt 1.1.

Maksimal mengde avfall lagra på verksemda sitt område skal ikkje overstige 5 000 tonn. Verksemda kan årleg ta imot maksimalt 50 000 tonn avfall. Detaljerte krav går fram av punkt 1.1.

Anlegget er eit godkjent behandlingsanlegg som kan ta imot forureina jord etter forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid.

1.1 Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider

Oversikt over avfallstypar med tilhøyrande aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider som er omfatta av løyvet:

Type avfall		Aktivitet	Maksimal lagringstid	Maksimal lagringsmengde
Forureina massar og uorganisk materiale	Jord, sand, stein og grus, eller blanding av desse	Utsortering av massar > 30 mm, lagring og lasting på båt	6 månader	5 000 tonn
	Jord med framande artar. Gjeld jord med innhald av helse- og miljøfarlege stoff under normverdien.	Varmebehandling med damp *		
	Massar frå mudring	Lagring og lasting på båt		
	Tegl og takstein			
	Gips			
	Mineralull			
	Keramikk og porselen			
	Asfalt			
	Takpapp/tjæreapp			
	Slagg, støv, bunnaske og flygeaske			
	Blåsesand			
	Slam, uorganisk			
	Blanda uorganisk materiale			
Betong med og utan armeringsjern	Kniping av armeringsjern, lagring og lasting på båt			
Slam, organisk	Lagring og lasting på båt			

* Mellombels endring. Gjeld til og med 31. desember 2022.

Mengda avfall som verksemda lagrar skal til ei kvar tid vere avgrensa til det som kan lagrast på ein forsvarleg måte etter krava i dette løyvet. Krav til lagring er nærare omtalt under punkt 3 i løyvet.

Vedlegg 2 viser ei liste over definisjonar brukt i løyvet.

1.2 Avfallstypar som ikkje er omfatta av løyvet

Løyvet omfattar ikkje anna avfall enn det som er nemnt i punkt 1. Dette løyvet omfattar ikkje massar, uorganisk avfall eller slam som er farleg avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Løyvet omfattar ikkje mottak og lagring av farleg avfall, flytande avfall, deponering eller permanent lagring av avfall.

1.3 Driftstid

Løyvet gjeld for drift mellom kl. 07.00 og 16.00 på kvardagar (måndag til fredag). Det er ikkje tillate med drift på natt, sundagar eller offentlege heilag- eller høgtidsdagar.

Lasting av båt kan skje mellom kl. 07:00 og 19:00 på kvardagar. Lasting av båt kan skje unntaksvis på kveldstid fram til kl. 20 og laurdag, men dette skal varslast til naboane på førehand, registrerast som avvik og rapporterast til Fylkesmannen med grunngjeving.

Drift inkluderer også all handtering av konteinerar, inn-, ut- og internttransport av avfall, støyande aktivitetar på båt med unntak av fortøyning, eller anna verksemd som fører til støy.

Driftstid skal vere i samsvar med vedtak etter plan- og bygningslova. Reguleringsføresegnene i ny reguleringsplan for Simonsviken Næringspark overprøver driftstid i dette løyvet viss krava i reguleringsføresegnene er strengare.

1.4 Utforming av anlegget

Verksemda skal utforme alle bygningar, gjerder, dekke og liknande etter gjeldande lover og reguleringsføresegner, og eventuelt andre planføresegner for området.

Handtering av avfall skal skje på område som er utilgjengeleg for uvedkommande. Verksemda skal best mogleg skjerm bustader, nærområde og offentleg veg for skjemmande innsyn.

Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter eller tilsvarande for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

Nærare krav til utforming er spesifisert for dei ulike aktivitetane under punkt 3.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy og lagring av avfall, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha utsleppsmessig verknad. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7³.

2.5 Tiltakplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet,

³ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til forureining følgjer av punkt 12.1.

2.7 Krav til kompetanse

Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved verksemda.

På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på følgjande område:

- Avfallskvalitet inn og ut av anlegget
- Støy
- Framande artar⁴

3 Krav til mottak og lagring av avfall

3.1 Journalføring og dokumentasjon ved mottak

Verksemda skal føre dagleg journal over kva slags avfall, forureiningsgrad, opphav og mengder som blir teke imot og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje på vekt. Mengder og leveringsstader for avfallet ut frå anlegget skal journalførast. Journalane skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

På bakgrunn av journalen skal verksemda sikre at det er balanse mellom avfallsmengder inn til og ut av anlegget.

For massar som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid, skal verksemda ha tiltaksplan før verksemda kan ta imot massane på anlegget.

3.2 Mottakskontroll

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte eit system og rutinar som hindrar at slikt gjentar seg.

Verksemda skal spesielt følgje opp følgjande i samband med mottakskontrollen:

⁴ Jf. «Fremmedartslista». Lista finst på www.artsdatabanken.no

- Prosedyre for mottak av avfall, jf. punkt 3.1 over
- Betong: rutinar for å hindre mottak av betong som inneheld framandelement som fugemasse, maling og isolasjon som kan vere farleg avfall
- Framande artar: rutinar for å avdekke og hindre spreining
- Lukt og fuktinnhald: vurdere om strakstiltak skal setjast i verk

3.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

3.4 Krav til dekke

Tett dekke

Handtering, inkludert lagring, skal gå føre seg på tett dekke.

Vedlikehald av dekke

Verksemda må gjennomføre regelmessig inspeksjon og vedlikehald av dekke.

3.5 Spreiing av framande artar

Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreining og etablering av framande artar.

3.6 Lagring

Massane skal lagrast på ein slik måte at ein har oversikt over lagringstid og mengde på lager.

Massar skal lagrast etter forureiningstilstand slik at forureininga ikkje blir fortynna. Ulike typar massar skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

Det er ikkje tillate å tynne ut eller blande massane i den hensikt å oppfylle kriterium for mottak.

3.7 Krav til skjerming for vêr og vind

Handtering, inkludert lagring, av massar skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for forureining viss miljørisikovurderinga viser at dette gjev like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

Dersom miljørisikovurderinga viser at det er naudsynt skal handtering, inkludert lagring, skje innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller i lukka konteinerar.

3.8 Vidarelevering av avfall

Vidarelevering av avfall i Noreg skal skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

Det skal dokumenterast at avfall som blir levert til norske avfallsdeponi oppfyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta vedlegg II om karakterisering og kriteria for mottak av avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-11⁵.

Bruk av betong skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sitt faktaark M-14 | 2013. Om forskrift om handtering av betongavfall blir vedtatt, skal betongavfall disponerast i samsvar med denne.

Betong som ikkje kan gå til gjenvinning eller nyttig formål i tråd med faktaark M-14 | 2013 eller ny forskrift om bruk av betongavfall må leverast til lovleg avfallsanlegg.

4 Utslepp til vatn

4.1 Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall eller massar og eventuelt spyle- og vaskevatn skal reknast som forureina avløpsvatn. Alt forureina avløpsvatn skal samlast opp og fraktast til lovleg avfallsanlegg eller skal tilførast absorbent som etterpå blir levert til lovleg avfallsanlegg.

Det er ikkje tillate å sleppe ut forureina avløpsvatn til grunn, bekk eller overvasssystemet.

Utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast som avfall.

Reingjering av dekke, golv, konteinrar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

4.2 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Verksemda må gjere tiltak for å sikre at ikkje forureina massar går til sjø ved lasting på båt.

Eventuelt overvatn forureina med olje skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseining slik at utsleppsgrensa fastsett i tabell under blir halden. Oljeutskiljaren skal vere dimensjonert for dei faktiske vassmengdene som blir tilført.

Tabell: Utsleppsgrense for overvatn forureina med olje

Kjelde	Komponent	Konsentrasjonsgrense
Reinseining for overvatn forureina med olje	Olje	5 mg/l

4.3 Reint overvatn

Reint overvatn skal førast vekk slik at dette ikkje kjem i kontakt med avfall. Avrenning av reint overvatn frå uteområdet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet

⁵ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

4.4 Oversikt

Verksemda må ha dokumentert oversikt over leidningsnett, kummar, tankar, oljeutskiljarar, og liknande.

4.5 Sanitæravløpsvatn

Sanitært avløpsvatn skal handterast etter krav frå kommunen.

5 Utslepp til luft

5.1 Støv

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå alle støvande aktivitetar.

Det skal lagast planar for å førebyggje og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering, jf. punkt 12.1.

Ved spesielle vêr- eller driftstilhøve som fører til auka risiko for støvflukt, skal det om nødvendig setjast i verk ekstra tiltak.

5.2 Lukt

Verksemda skal behandle, handtere og lagre avfallet slik at det ikkje fører til fare for lukt for naboar og miljø. Om nødvendig må tiltak setjast i verk.

Dersom avfall fører til lukt utanfor hall skal avfallet fjernast frå området med ein gong.

Det skal lagast planar for å førebyggje og hindre lukt. Planane skal baserast på ei luktrisikovurdering og vise kva som skal gjerast om lukt oppstår, jf. punkt 12.1. Planane skal dekke alle relevante tema som går fram av TA 3019/2013⁶.

6 Støy og lys

6.1 Støy

Reguleringsplanen for Simonsviken næringspark er under arbeid. Støy frå verksemda vil vere underlagt støygrenser og prinsipp for handtering av støy i dei kommande reguleringsføresegnene for området.

Envir AS må halde oversikt over lyddata for støyande arbeidsprosessar, driftstider og geografisk plassering av støyande arbeidsprosessar for si verksemd. Desse dataa skal bidra til å dokumentere samla støy frå alle verksemdene i næringsparken.

Nedanfor er det sett standard støygrenser og reglar for verksemdar som vert regulert etter forureiningslova. Desse grensene kan bli endra dersom støyutrekningar for heile næringsparken

⁶ Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven, TA 3019/2013

viser at Envir AS sitt bidrag til samla støy tilseier at verksemda må redusere støy gjennom avbøtande tiltak.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg rundt verksemda skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som fritt feltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Kveld (kl. 19-23), kvardagar
55 L_{den}	50 L_{den}	50 $L_{evening}$

L_{den} er A-vega ekvivalent støy nivå for dag/kveld med 10 dB/5 dB tillegg på kveld.

$L_{evening}$ er A-vega ekvivalent støy nivå for kveldsperioden 19-23.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære drift, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt, båt inkludert. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for ny busetnad av type nemnt ovanfor som blir etablert på stader der støybidraget frå verksemda bryt eller er forventa å kunne bryte fastsette grenser i løyvet.

6.2 Kommunikasjonsplan for støy

Verksemda skal lage ein kommunikasjonsplan som skal omfatte både intern og ekstern kommunikasjon i situasjonar med avvik frå ordinær driftstid, til dømes lasting av båt på kveldstid. Planen skal som eit minimum innehalde ein oversikt over når, korleis og kven som skal varslast.

6.3 Lys

På kveld- og nattetid skal verksemda sikre at lys ved verksemda ikkje fører til vesentlege negative konsekvensar for naboar eller annan næringsverksemd i området. Dette inkluderer lyskastarar på båt som ligg til land over natt.

7 Omsyn til nærmiljø

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til anna forureining eller andre ulemper for omgjevnadane. Om nødvendig må tiltak setjast i verk.

Nærare krav er omtalt under punkt 3, 4, 5 og 6.

8 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det

er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen⁷ eller Fylkesmannen⁸.

9 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁹

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket¹⁰ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

10 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing. Systemet skal sikre kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.6 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

11 Avfall frå drifta av anlegget

Så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper pliktar verksemda å unngå at det blir danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal ho prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta¹¹.

Søl frå olje eller kjemikal skal fjernast med absorberande middel og behandlast som farleg avfall.

⁷ Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

⁸ Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

⁹ Produktkontrolllova § 3a om substitusjonsplikta

¹⁰ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

¹¹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall

Avfall som oppstår skal om mogleg brukast på nytt i produksjonen. Dette må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

Dersom verksemda fører til at det oppstår avfall eller farleg avfall som ho sjølv ikkje kan handtere på lovleg måte, skal dette avfallet leverast vidare til godkjent mottak eller behandlingsanlegg seinast eitt år etter at det er produsert.

12 Førebygging og beredskap mot forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse, og må vurdere resultata av analysen med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved endringar ved anlegget skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

På anlegget er det særskilte krav til innhald i risikovurderinga:

- All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering.
- Risikoen for spreieing av framande artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. «Fremmedartslista». Lista finst på www.artsdatabanken.no.

12.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

12.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Verksemda skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

12.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift¹². Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmvpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

¹² Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

13 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

13.1 Utsleppskontroll

Verksemnda skal ha oversikt over alle utslepp frå anlegget og skal gjennomføre vurderingar, og målingar der det er naudsynt, av utslepp til luft, vatn og støy til omgjevnadane. Det er særskilt krav til oversikt over overvatn og forureina avløpsvatn, inkludert vassmengder, eksisterande rørsystem og grad av forureining. Eventuelle målingar omfattar volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemnda sine faktiske utslepp og skal som et minimum omfatte

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar, under dette prioriterte miljøgifter, som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemnda sin eigenrapportering. Rettleiinga er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

Verksemnda skal ha eit måleprogram som inngår i verksemnda sin dokumenterte internkontroll.

13.2 Måleprogram

Når verksemnda utarbeider måleprogrammet, skal de:

- velje prøvetakingsfrekvensar som gjev representative prøver
- vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå

Måleprogrammet skal omtale dei ulike trinna i målingane og grunngje valde metodar.

13.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemnda er ansvarleg for at metodar og utføringar er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å;

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Fylkesmannen kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytar skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta

13.4 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemnda skal innan 1. mars kvart år rapportere frå førre år til Fylkesmannen. Fylkesmannen kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt eller at det skal rapporterast via Altinn. Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Oppsummering av avfallsmengder og -typar inn og ut av anlegget, og kvar avfallet er levert vidare
- Lagerstatus ved starten (1. januar) og slutten av året (31. desember)
- Omfang av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet, handtering av dette, og utgreiing av førebyggjande tiltak og informasjonstiltak
- Eventuelle avvik innan ytre miljø og gjennomførte tiltak

- Vurdering av status for utslepp og påverknad av miljø vurdert opp mot krava i løyvet
- Vurdering av status for utslepp og påverknad av miljø vurdert opp mot krava i løyvet,
- Tal på eventuelle støyklager og årsak til dei enkelte støyplagene/støyhendingane, eventuelle tiltak og oppdatert risikovurdering
- Oppsummering av status for internkontrollen, inkludert ei vurdering om verksemda har heldt krava i løyvet og om verksemda fører til miljøulempar som bør utbetrast

14 Utskifting av utstyr

Viss verksemda skal skifte ut utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

15 Eigarskifte

Om verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16 Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹³. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstanden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

¹³ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

17 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

VEDLEGG 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at utsleppet av desse ikkje har noko å seie for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar:	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furaner	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid:

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylater:

Nonylfenol og nonylfenoletoksylater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylater	OF, OP, OFE, OPE

Dodecylfenol m. isomerer
2,4,6 tri-tert-butylfenol

Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA
C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar:

Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Dibutyltinn	DBT
Dioktyltinn	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon

PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)

DEHP

Bisfenol A

BPA

Siloksan

Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsykladetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 – Definisjonar

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelt i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelt i Norsk Standard lagt til grunn. I dei tilfelle der det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er meir dekt av anna norsk regelverk/standardar gjeld følgjande definisjonar:

Avløpsvatn: sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn

Behandling: prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne

Fast dekke: dekke som har ei hard overflate, til dømes asfalt. Ikkje grus og liknande

Flytande avfall: avfall i væskeform. Slam blir normalt ikkje rekna som flytande

Handtering: fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling

Køyresterkt dekke: dekke som har ei hard overflate, til dømes grus

Lagring: all oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna godkjent mottak

Omlasting: all overføring/fysisk flytting av sortert avfall frå ei oppbevaringseining til meir tenleg oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar

Organisk avfall: matavfall, hageavfall og anna nedbrytbart avfall frå hushald og næring, inkludert nedbrytbart avfall frå industri, landbruk, akvakultur og avløpslam

Overvatn: overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn

Sortert avfall: avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar

Tett dekke: fast ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei material/avfallstypar som skal handterast på eller i same område som det tette dekket (vatn, væske, faste stoff og liknande). Tett dekke er normalt betong i dag

Usortert avfall: avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, telefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato
13.03.2017
Dykkar dato
06.10.2016

Vår referanse
2016/5275
Dykkar referanse
Inge Bildøy

Envir AS
Bildøybakken 105
5360 Kolltveit

Løyve etter forureiningslova for Envir AS på Laksevåg i Bergen kommune

Fylkesmannen gjev Envir AS løyve etter forureiningslova til mottak, lagring og lastning på båt av lett forureina massar i Simonsviken Næringspark på Laksevåg i Bergen kommune. Vi har mellom anna sett krav til utslepp til luft, vatn og støy.

For å ivareta naboar og nærmiljø har vi sett krav om at drift ikkje er tillate på natt og at dette inkluderer å unngå høglydte aktivitetar på båt. Vi har tillate at lastning av båt kan skje mellom kl. 07:00 og 22:00 måndag til fredag.

Løyve med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt.

Vi viser til søknad av 6. oktober 2016 om løyve etter forureiningslova.

Fylkesmannen gjev løyve på visse vilkår. Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og følgjer vedlagt. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket dessutan vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Tiltak som fører til fare for forureining av vatn har vi vurdert etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å beskytte og om nødvendig betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Dei utsleppa som vi reknar med har størst verknad på miljøet, har vi regulert gjennom særlege vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt under sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette

er mogleg utan urimelege kostnadar. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

At vi har gjeve løyve til forureininga, fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider, www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter, er straffbare.

I dei tilfelle der det er krav både i løyve og i forskrift er det dei krava som er strengast av forskrifta og løyvet som gjeld.

Eksport av avfall krev løyve frå Miljødirektoratet.

Vedlegg 2 til løyvet er ei liste med forklaringar på nokre ord og uttrykk som er brukt i løyvet.

Bakgrunn og søknad

Envir AS søker om løyve til å ta imot, lagre og skipe ut lett forureina massar i Simonsviken Næringspark AS. Det står opplyst i søknaden at verksemda er i ein startfase og har behov for ein lokalitet for mottak, lagring og utskipping av lett forureina massar. Det er søkt om årleg mottak av inntil 50 000 tonn lett forureina massar i tilstandsklasse 1-4 i samsvar med TA 2553-2009 med avfallstoffnummer 1603. Dei søker om å lagre maksimalt 3 000 tonn i maksimalt 6 månader innandørs. Leveringsstad for massane er Danmark, Nederland og Tyskland via Hedegaard Miljø AS, Falstervej 7, 5800 Nyborg, Danmark.

Det står opplyst at massane vil bli lagra under tak og på fast betongdekke, og at eigedommen er inngjerda og med port som kan låsast. For å stoppe avrenning av vatn vil verksemda ta i bruk absorbent og tilbakeføre absorbenten til avfallsmassane. Vidare står det opplyst at verksemda har etablert internkontroll med avviksbehandling, prosedyre for mottakskontroll, mottak og lagring, og prosedyre for lasting av båt, inkludert varslingsrutinar ved uhell/ulykke og beredskapsplan ved utslepp til ytre miljø.

Simonsviken Næringspark er eit etablert område for næringsverksemd med eit kaiområde med tilhøyrande lastebiltrafikk og skipsanløp. Det står opplyst i søknaden at i samband med at SAR avsluttar sitt leigetilhøve på tomta vil det vere ledige lokale. Verksemda opplyser at SAR er ei verksemd som inneberer til dels stor lastebiltrafikk og at det med aktiviteten som er søkt om ikkje er forventa auke av lastebiltrafikken samanlikna med tidlegare.

Verksemda opplyser at mottak i hovudsak vil finne stad innanfor normal arbeidstid, men at det unntaksvis vil vere mottak på ettermiddag og kveld. Dei opplyser at lasting av båt vil bli utført med dumper innanfor ein periode på 12-24 timar etter at båten har kome, og at på det meste vil det bli skipa ut om lag 20 skipslaster per år.

Vidare står det opplyst at det er ønskjeleg med driftsstart i november 2016 og at dei søker om permanent løyve. Verksemda meiner at nyttiggjering av massane i staden for deponering er eit betre samfunns- og miljømessig alternativ.

Saksgang

Søknaden har vore på offentleg høyring i Bergens Tidende og på nettsida til Fylkesmannen. Søknaden vart også sendt til Bergen kommune for uttale. Det kom 10 uttaler frå den offentlege høyringa. Envir AS har kommentert uttalene.

Uttale frå Bergen kommune

Byrådet har gitt høyringsuttaler på vegne av Bergen kommune då dette ikkje er av prinsipiell karakter. Byrådet har fatta følgjande vedtak:

Bergen kommune tek søknaden frå Envir AS om mellomlagring av farleg avfall i Simonsviken Næringspark på Laksevåg til etterretning. Under føresetnad av at dette ikkje fører til auka risiko og belastning for omgjevnadane blir det akseptert at løyve det er søkt om blir gitt.

Kommunen ber om at merknadene frå fagetatane blir følgt opp i den vidare behandling av saka. Det er gitt faglege vurderingar frå Bymiljøetaten, Plan- og bygningsetaten, VA-etaten og Etat for helsetjenester.

Bymiljøetaten meiner dei foreslåtte tiltaka er tilstrekkeleg så lenge dette blir følgt opp i praksis. Dei påpeiker at vegen inn til næringsparken allereie er belasta av tungtransport. Den tekniske standarden og trafikksikkerheita må vurderast nærare viss trafikken aukar utover det som blir omtalt i søknaden.

Etat for helsetjenester påpeiker at dei har pågåande klagesaker både på støy, støv og lukt. På generelt grunnlag er det uheldig at slik verksemd går føre seg så nærme bustader, og etaten foreslår fleire forslag til oppfølging. Dei etterlyser også meir informasjon om kva for forureina massar som skal mellomagrast og påpeiker behov for miljøundersøking viss verksemda blir nedlagt.

Kommunen skriv at verken Bergen brannvesen, Vann- og avløpsetaten eller Plan- og bygningsetaten har innvendingar til at søknaden frå Envir AS blir gitt.

Kommunen opplyser at Simonsviken Næringspark ligg på eit område der det i lang tid er drive med næringsverksemd. Reguleringsplanen er gamal og har få detaljar om drift. Då området er omringa av bustader, har også problema ved nærleiken av bustad og industri lenge vore kjent og belyst, særleg då SAR for nokre år sidan fekk løyve til å ta imot farleg avfall. Vidare opplyser kommunen at dei ikkje kan sjå at søknaden frå Envir AS bringer inn nye moment eller aktivitetar som ikkje tidlegare er kjent. Søknaden inneber snarare at ein ny aktør overtar og held fram med verksemd som allereie eksisterer i området.

Det er ikkje kome fram opplysningar som tyder på at saka er i strid med krava i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Uttale frå Karsten Gundersen

- Viser til at det ikkje er tilknytt oljeutskiljar til lagerhallen og meiner det er viktig med tett dekke med avrenning til oljeutskiljar i lagerhallen.

Glenn Samuelsen

- Meiner det i søknaden er uklart om massane som skal fraktast til kaia for lasting av båt skal vere innandørs.
- Etterspør moglegheiter til å avgrense svevestøv frå lasting av skip som skal gå føre seg mellom 12 og 24 timar.
- Etterspør korleis det er tenkt på trafikksikkerheita for skulevegen til barna med ein slik auke av tungtransport på veg og korleis det kan forsvarast å drive ei slik verksemd i eit byggjefelt, jf. Sløvåg-ulykka.
- Håpar kommunen avviser slike tiltak som går rett inn på livskvaliteten for bebuarane på denne delen av Laksevåg.

Nygårdsvik Vel

- Påpeiker at det ut frå kart og bilde vedlagt søknaden går klart fram at tiltaket ikkje berre rårar Simonsviken, men også Nygårdsviken og den planlagde bydelsparken Lyreneset.
- Hamneområdet som det er ønskje om å bruke til båtanløp og lasting vender mot Nygårdsviken og heile bukta med dei to industriområda er berre 236 m brei.
- Viser til at det sidan 2010 har gått føre seg ein regulerings sak i Nygårdsviken.

Velforeningen Nygårdsviken

- Protesterer mot søknaden og viser til at dei for 7 år sidan sendte inn ein tilsvarende merknad med protest mot søknad frå SAR AS om lagring og behandling, og utskiping av oljeavfall. Opplyser at det den gongen vart søkt om 20 000 tonn medan Envir AS søkjer om over dobbelt så stor mengde som SAR AS den gong fekk avslag om.
- Viser til N 1 (plannr. 6167000 – W. Giertsen sin søknad om utviding) og per 7. oktober 2016 er saka sendt inn til 2. gangs behandling. Opplyser at nabolaget har protestert kraftig og det kom inn i underkant av 100 private merknader.
- Merknadene handla om både auka bil- og trailertrafikk, Nygårdsviken sin søknad om omregulering frå privat kai til hamn og hamneområde, med auka båttrafikk og utfordringar knytt til dette.
- Opplyser at Simonsviken er i startfasen av ein stor utbyggingsplan (planID 64150000), og nabolaget har i begge plansakene påpeikt behovet for at området blir sett i samanheng, og særleg den totale belastninga når det gjeld støy, veg, kai og hamneområde.
- Meiner godkjenning av utskiping av avfall frå Simonsviken/Nygårdsviken vil blokkere for ein felles transportveg av tungtrafikk og at auka båttrafikk er i konflikt med at Lyreneset bydelspark er under utvikling.
- Opplyser at lyd- og lysforureining, særleg frå båtar, vil angå svært mange andre enn berre dei som grenser direkte til eigedomen då lyden forplantar seg oppover i dalen, og det har vore påpeikt til kommunale myndigheiter ved ei rekkje høve.

Kyrre Tvedt

- Har direkte sikt ned på kaia under 100 m frå soverommet og huset ligg om lag 20 m over sjø/kai, og blir sterkt ramma og plaga av lyd frå denne og andre søknader for området.
- Opplyser at området er plaga av mykje støy frå tungtransport, maskiner og aggregat på skip, opning/lukking av lasterom og av kraftige lyskastarar frå skip. Bekymra for nattesøvnen og meiner det må vere krav til støy, lys, anløpstider og at det ikkje skal vere lov å leggje til kai og opne lasterom om natta.
- Opplyser at Nygårdsviken er eit relativt smalt dalsøkk med ei oppbygning som forsterkar lydar i området. Det er både ekko og forsterkning/refleksjonar i fjellet og dette blir ikkje tatt høgde for i lydutrekningar. Bør målast fysisk.
- Bekymra for tungtransporten langs Sjøkrigsskoleveien som er dårleg og som blir brukt til gåande og syklande også. Meiner det må vere tildekte bilar og transportbelte, som også vil redusere støy.
- Bekymra for om det er avgassar frå massane. Barnehage har leikeområde rett over anleggsområdet.
- Påpeiker at Envir AS manglar handlingsplan ved uhell og meiner det må vere krav om at dette er på plass før oppstart.
- Meiner at landstraum må byggjast ut og brukast både for miljø og støyforureining.
- Sterkt kritisk til søknaden og håpar på ei omregulering til bustad for heile området.
- Viser til at W. Giertsen har store utbyggingsøknader til behandling og meiner verksemda ikkje høyrer på innbyggerane i området.
- Håpar dette blir behandla under eitt frå kommunen og Fylkesmannen si side.

Siri Sandtorv

- Protesterer på søknaden og meiner det vil føre til meir støy, auka biltrafikk og forureining, og ber om at søknaden ikkje blir imøtekomen.
- Synest det er forstyrrende når skip ligg i hamn hos W. Giertsen i Simonsviken med støy, lys og diesellukt døgnet rundt utan landstraum.
- Meiner friområdet på Lyreneset som er mykje brukt av barnehagar, skuleklassar og turgåarar vil bli sterkt råka av dette.

Svanhild Sandtorv

- Protesterer mot søknaden og meiner at det vil føre til meir støy og eksos i bumiljøet.
- Er allereie i dag svært belasta med tunge køyretøy og støy frå båtar som ligg ved kai hos W. Giertsen i Nygårdsviken og føler at smertegrensa er nådd.
- Opplyser at bustadområdet er godt etablert og har eit svært mykje brukt friluftsområde på Lyreneset, og meiner at dei må bli verna for ytterlegare påkjenningar.

Cecilie Åsen

- Saknar meir informasjon til naboar om type massar og faregrad knytt til lagring.
- Ønskjer informasjon om tiltak for å førebyggje ytterlegare belastning på nærmiljø på bakgrunn av auka trafikk. Opplyser at vegen er tungt belasta med tanke på dagens vegstandard og at dette er ein veg brukt for både forgjengarar, syklistar og bilistar for å frakte barn til og frå barnehage/skule, og trafikk til arbeidsplass.

- Opplyser at ho allereie slit med søvn på natta når W. Giertsen har fartøy liggande til kai, då desse sjeldan ligg tilknytt landstraum. Meiner det er svært uheldig at Envir AS søkjer om å drive verksemd som vil føre til støyande tungtransport og fartøysaktivitet.
- Opplyser at mange bruker Simonsviken som rekreasjonsområde og denne type verksemd vil virke sjenerande for undervisning og leik i området.
- Meiner at ein ikkje bør auke industriverksemd i ein bydel som allereie ligg lågt på levekårsundersøkingar.

Elin Dræge

- Bekymra for konsekvensar av støy frå lasting av massar på båt i opptil 24 timar også på kvelds/nattetid, oftare enn kvar 3. veke så tett opptil eit etablert bustadområde.
- Ber om at trafikk- og støybelastning i området blir utgreidd nærare slik at ikkje nabolaget blir belasta ytterlegare.

Verksemda sine kommentarar til uttalene

Envir AS opplyser at dei er innforstått med dei reglane som gjeld for næringsverksemd i nemnte område, og vil anstrenge seg for å avgrense ulemper til eit minimum for at dei skal ha eit godt forhold til alle område som saka gjeld. Envir AS opplyser at dei vil rette seg etter dei eventuelle krav frå kommunen som kan komme undervegs for verksemda i Simonsviken.

Verksemda opplyser at dei har søkt om jord, grus og småstein som er i klasse 1 til og med 4, og at dette ikkje kan samanliknast med Sløvåg-ulykka. Volumet som det er søkt om er eit maksimalt volum. Skulle verksemda oppnå eit slikt volum vil tal på båtlastar også med stort sannsyn bli redusert då båtane vil kunne laste større volum.

Vidare opplyser verksemda at det er ein vesentleg forskjell på SAR sin søknad og aktivitet ved at dei ikkje skal behandle forureina massar eller ta imot oljeavfall.

Når det gjeld støy opplyser Envir AS at biltransport inn til mellomlagring i Simonsviken vil gå føre seg på dagtid, og det same blir aktiviteten på mottak/lagringsplass (07:00-19:00). Lasting av båt og liggjetid vil også gå føre seg på dagtid. Det står opplyst at dei reknar med å bruke 12 timar på lasting per båt, i tillegg til mobilisering og demobilisering av lasteutstyr (07:00-22.00) i snitt er det rekna ut 1-2 båtlastar per måned. Dette for å avgrense støy på nattetid knytt til logistikk av lett forureina massar.

Verksemda opplyser at massane vil bli lagra i avstengt hall syd på området og ved lasting av båt blir massane transportert frå hall til kai og lasta på båt kontinuerleg, altså ingen lagring på kai. Vidare opplyser dei at oljeutskiljar ikkje er relevant med tanke på massane som skal mellomlagrast. Massane skal lagrast på støypst fast dekke, og dei viser til at dei har strenge krav til fuktigheit på mottekne massar.

Når det gjeld støv og lukt viser verksemda til kategori av forureina massar 1 til og med 4 kvar det står kva massane kan innehalde. Lukt og gassar blir derfor ikkje reelt i denne samanheng. Ved behov vil det bli brukt vann for å hindre støv.

Verksemda opplyser at dei heile tida vil ha dialog med Fylkesmannen i Hordaland med omsyn til eventuelle avvik. Envir AS har erfaring med metoden for lasting av båt frå kai (viser til lasting av forureina massar frå Jekteviken over kai på Dokken). Massane som kjem til Simonsviken til mellomlagring skal ikkje overskride 50 % fuktigheit.

Verksemda opplyser at diskusjon rundt reguleringsplan i Simonsviken er ei sak som blir handtert av Simonsviken Næringspark og offentlege myndigheiter og dei vel å ikkje kommentere eller involvere seg i den saken.

Synfaring

Fylkesmannen har vore på synfaring på området 5. oktober 2016.

Fylkesmannen si vurdering og grunngjeving

Generelt

Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.

Vi har teke omsyn til innkomne uttaler både frå fagetatane til kommunen, velforeiningar og naboar, og innspela er lagt til grunn ved utforming av løyvet.

Samfunnet er avhengig av avfallsanlegg som tek seg av avfall og handterer det på lovleg vis. Envir AS legg til rette for nyttiggjering av avfall i staden for at massane blir lagt på deponi. Dette er i samsvar med det rådande prinsippet i norsk avfallshandtering om at avfall skal behandlast så nær toppen av avfallshierarkiet som mogleg. Hierarkiet er samansett av følgjande punkt (frå øvst til nedst): Avfallsreduksjon, ombruk, materialgjenvinning, energiutnytting og til slutt deponering.

Forholdet til plan og tilhøve som ikkje blir behandla etter forureiningslova

Fylkesmannen har høyrte kommunen som har vist til at tiltaket som det er søkt om er i samsvar med arealplan og reguleringsplan. I gjeldande reguleringsplan er området regulert til industriareal, jf. reguleringsplan datert 24. juli 1964, arealplan-ID 40260000.

Kommunen har elles ikkje innvendingar mot tiltaket, men føreset at verksemda ikkje fører til auka risiko og belastning for omgjevningane. Løyve etter forureiningslova med strenge vilkår gitt av Fylkesmannen, føreset at verksemda innordnar seg etter gjeldande planregelverk for området. Vi viser til at det er i gang arbeid med ny reguleringsplan for Laksevåg gnr. 149 bnr. 4 Simonsviken næringspark Plan ID 64150000.

I fleire uttaler er det bedt om at Fylkesmannen og kommunen behandlar området samla. Det er fleire industriverksemdar i Simonsviken Næringspark, men av desse er det berre Envir AS Fylkesmannen regulerer med løyve etter forureiningslova. Vi har ikkje mynde til å krevje at det ikkje skal vere industri i Simonsviken Næringspark og vi har ikkje mynde til å regulere arbeidet med reguleringsplanar etter forureiningslova. Arealbruk og transport til og frå verksemda blir vurdert av kommunen i samband med utarbeiding av arealplan og reguleringsplan. Kommunen er rette mynde til å behandle området samla.

Verksemdar som utøver arbeid på same arbeidsplass har plikter til samordning også utan ein reguleringsplan med detaljar om drift. Verksemdene som utøver arbeid på same arbeidsplass skal, når det er nødvendig, skriftleg avtale kven av dei som skal ha ansvaret for å samordne internkontrollen for deira felles aktivitetar eller område, jf. internkontrollforskrifta § 6 om samordning. Det er naturleg at eigar av Simonsviken Næringspark AS tek ansvaret for å samordne internkontrollen og med det støy for området. Vi ber om informasjon om kven som har ansvar for samordning i Simonsviken Næringspark AS.

Forureiningsgrad

I fleire uttaler er det uro over kva massane inneheld. Verksemda har søkt om å ta imot lett forureina massar i form av jord, grus og småstein i tilstandsklasse 1-4, jf. rettleiinga til Miljødirektoratet for helsebaserte tilstandsklassar for forureina grunn (TA 2553/2009). Verksemda har påpeikt at dei ikkje har søkt om å ta imot forureina massar i tilstandsklasse 5 eller farleg avfall, og det har dei heller ikkje fått løyve til å ta imot. Skulle det komme massar som er forureina i tilstandsklasse 5 eller farleg avfall, skal massane avvisast før dei kjem til anlegget. Alt av massar som verksemda tek imot på området skal ha dokumentert forureiningsgrad og skal tilfredsstillе krava i løyvet, jf. 1, 3.1 og 3.2 i løyvet.

Med risikoreduserande tiltak og god drift skal massane ikkje vere til fare for naboar og nærmiljø, og verksemda plikter å sikre dette. Envir AS har krav om internkontroll, inkludert risikovurdering og beredskapsplan, og verksemda plikter å ha dette på plass før driftsstart.

Løyvet omfattar ikkje behandling av forureina massar, som til dømes sortering og blanding, jf. definisjonar i vedlegg 2 i løyvet.

Driftstid

Verksemda har søkt om normal driftstid og Fylkesmannen har tolka dette til måndag til fredag mellom kl. 07:00 og 16:00. I tillegg har verksemda søkt om unntaksvis drift på ettermiddag og kveld ved lasting av båt i løpet av 12 timar innanfor tidsrommet kl. 07:00 og 22:00 måndag til fredag.

Fylkesmannen vurderer at det er forsvarleg at verksemda får løyve til lasting av båt på kveldstid, men at dette må skje mellom kl. 07:00 og kl. 22:00 på kvardagar (mandag til fredag). Vi grunnjev dette med at det i standardkrava for industri er støykrav på kveldstid og at verksemda uansett må halde desse krava. Verksemda har også opplyst at det vil dreie seg om ca. 20 skipslaster per år, det vil seie om lag 1-2 båtar i månaden, noko vi vurderer som forsvarleg så lenge verksemda held krava i løyvet.

Fylkesmannen vurderer at dette er eit område belasta med mykje støy og at det er nødvendig å ta omsyn til naboar og nærmiljø. Vi har derfor sett krav om at det ikkje er tillate med drift på natt, og at drift inkluderer støyande aktivitetar på båt, med unntak av fortøying. Dette inneber å unngå høglydte aktivitetar som til dømes lasting av båt, opne lasterom og transport på området, jf. punkt 1.2 i løyvet.

Driftstid skal vere i samsvar med vedtak etter plan- og bygningslova. Reguleringsføresegnene i ny reguleringsplan for Simonsviken Næringspark overprøver driftstid i løyvet gitt av Fylkesmannen viss krava i reguleringsføresegnene er strengare.

Støy og lys

I dei fleste uttalene er det sterk uro for at drifta kjem til å føre til ytterlegare støy til nærmiljøet. Kommunen har også opplyst at det er fleire pågåande klagesaker på støy i området. I nokre av uttalene er det også gitt uttrykk for at området er plaga av sterke lyskastarar på kveld og natt.

Søknaden frå Envir AS er i samsvar med reguleringsplanen og held fram med verksemd som allereie eksisterer i området. Gjeldande reguleringsplan for Simonsviken næringspark er gamal og har få detaljar om drift. Vi er kjent med at ny reguleringsplan er under arbeid og ny

reguleringsplan vil kunne regulere støy frå heile området. Støy frå Envir AS vil vere underlagt støygrenser og prinsipp for handtering av støy i dei kommande reguleringsføresegnene for området. Dette har vi også sett krav om i løyvet, jf. punkt 6.1.

Vi har også sett krav om at Envir AS må halde oversikt over lyddata for støyande arbeidsprosessar, driftstider og geografisk plassering av støyande arbeidsprosessar for si verksemd, jf. punkt 6.1. Desse dataa skal bidra til å dokumentere samla støy frå alle verksemdene i næringsparken.

I løyvet har vi sett standard støygrenser for industri og reglar for verksemdar som vert regulert etter forureiningslova. Desse støygrensene plikter verksemda å halde til ei kvar tid uavhengig av aktivitet. Desse støygrensene kan bli endra dersom støyutrekningar for heile næringsparken viser at Envir AS sitt bidrag til samla støy tilseier at verksemda må redusere støy gjennom avbøtande tiltak.

Vi har også sett krav om at verksemda skal lage ein kommunikasjonsplan for situasjonar med avvik frå ordinær drift, til dømes lasting av båt på kveldstid. Varsling av naboar før støyande aktivitetar utanom ordinær drift kan vere med på å førebyggje klager og konflikt. Eit varslingsystem kan også gjere støyplagene lettare å akseptere for dei det gjeld. Generelt kan vi seie at jo større samsvar det er mellom det verksemda seier at ho skal gjere og det ho faktisk gjer, dess enklare er det å skape tillit blant naboane.

Vi vurderer at det er nødvendig å setje krav til lys i løyvet. Verksemda skal sikre at lys ikkje fører til vesentlege negative konsekvensar for naboar, og dette inkluderer lyskastarar på båt som ligg til land over natt, jf. punkt 6.3.

Vår erfaring med ulike typar aktivitetar som kan føre til ulemper for nærmiljø er at gode driftsrutinar er avgjerande. Andre viktige faktorar er god og open dialog mellom verksemd og nærmiljø. Ein viktig styringsparameter vil også vere eit aktivt system for registrering og handsaming av klager og avvik. Det vil gje verksemda grunnlag for å endre rutinar og setje i verk nødvendige tiltak for å hindre/førebyggje eventuelle negative konsekvensar for nærmiljøet. Så lenge verksemda drifrar etter vilkåra som er sett i løyvet vil det etter vår vurdering ikkje gje uakseptable ulemper for naboar og nærmiljø.

Utslepp til luft

I uttalar er det uttrykt uro for faren for støvflukt frå verksemda, både frå lasting av båt og transport til og inne på området. Bergen kommune har også vist til pågåande klagesaker på både støvutslepp og lukt.

Ved handtering, inkludert lagring og transport, av masser, kan det vere spreingsfare av partiklar som blir ført vekk med nedbør og vind. Dette krev at verksemda gjer risikoreducerande tiltak for alle sine aktivitetar. Derfor har vi sett krav om at massane skal handterast og lagrast under tak og skjerma for vêr og vind, jf. punkt 3.7 i løyvet.

I tillegg har verksemda krav om å gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå alle støvande aktivitetar. Dette inkluderer lasting av båt og transport inne på området. Verksemda har også krav om å lage planar basert på risikovurdering for å førebyggje og hindre støv, og setje i verk ekstra tiltak om nødvendig, til dømes ved spesielle vêrtilhøve som kan føre til auka risiko for støvflukt, jf. punkt 5.1.

Verksemnda har opplyst at lett forureina massar normalt ikkje luktar. Vi vurderer at det er nødvendig at verksemnda har rutinar for å førebyggje, hindre og handtere lukt om det skulle oppstå sidan det er naboar tett på verksemnda. Envir AS har derfor fått krav om å lage planar som skal vere basert på ei luktrisikovurdering og som skal vise kva som skal gjerast om lukt oppstår, jf. punkt 5.2 i løyvet.

Utslepp til vann og vurdering etter vassforskrifta

Vi har sett vilkår om at verksemnda ikkje skal ha utslepp av forureina avløpsvatn, verken frå område ute eller inne, jf. punkt 4.1. Det føreset at verksemnda overheld vilkåra i løyvet om at massane skal handterast og lagrast under tak og skjerma for vêr og vind, jf. punkt 3.7 i løyvet, og at alt forureina avløpsvatn, inkludert forureina overvatn skal samlast opp og leverast til lovleg avfallsanlegg.

I søknaden er det opplyst at verksemnda har krav til maksimalgrense for fuktigheit i massane for å unngå avrenning. Løyvet er gitt med dette som ein føresetnad og at verksemnda utfører risikoreduserande tiltak der det er nødvendig, jf. punkt 3.2 og 4 i løyvet.

Det er stor spreingsfare til vatn ved lasting av båt, særleg ved spesielle vêrtilhøve. Verksemnda må utføre tiltak for å sikre at ikkje forureina massar går til sjø ved lasting av båt, jf. punkt 4.2 i løyvet.

Eventuell forureina avrenning kan vere oppkonsentrert med miljøgifter og kan då vere farleg avfall. Dette må takast hand om med eigna oppsamling. Ved bruk av absorbentar skal brukt absorbent ikkje tilbakeførast til massane, men leverast til godkjent avfallsanlegg, jf. punkt 4.1 i løyvet.

Løyvet omfattar ikkje utslepp av forureina avløpsvatn, men verksemnda skal laste båtar, noko som gjev risiko for akutte utslepp til Byfjorden indre del. For å finne informasjon om tilstanden i vassførekomsten har vi brukt Vann-Nett. I Vann-Nett 31. januar 2017 er Byfjorden indre del vurdert til å ha moderat økologisk tilstand og det er forventa at den oppnår god kjemisk tilstand. Byfjorden indre del er i risiko og det er vurdert at nye tiltak er nødvendig for å oppnå god miljøtilstand.

Vi vurderer tiltaket til ikkje å gje vesentleg auke av utslepp til sjø sidan verksemnda ikkje har løyve til å sleppe ut forureina avløpsvatn, inkludert forureina overvatn. For å sikre dette har vi sett krav om at massane skal gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind, og at verksemnda har krav om eigna oppsamling. Verksemnda har også krav om å setje i verk risikoreduserande tiltak i samband med til dømes lasting av båt. Vi vurderer derfor at krava i vassforskrifta ikkje er til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Søk i Naturbase og Artskart 31. januar 2017 viser at det er registrert artar som ærfugl, hettemåke, fiskemåke, alke, svartand, lomvi, praktærfugl, sothøne og bergand rett utanfor Nygårdsviken. Dette er alle utvalde naturtypar som er klassifisert som trua eller nært trua og som er av særleg stor forvaltningsinteresse. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka i hovudsak skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er med det oppfylt.

Det er ikkje grunn til å tru at tiltaket vil føre til vesentleg skade på naturmangfaldet med dei krava som er sett i løyvet. I og med at naturmangfald i liten grad blir påverka av tiltaket og det ikkje kan påvisast effektar av tiltaket på verdifull natur, legg Fylkesmannen til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

Konklusjon

Vi har vurdert at fordelane av verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgje av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane blir drifta med gode rutinar og i samsvar med vilkåra i løyvet, vil miljøtilhøva bli tilfredsstillande tekne vare på og verksemda vil ikkje føre til ytterlegare belastning på området. Fylkesmannen gjev derfor løyve med strenge vilkår etter forureiningslova.

Fylkesmannen har vurdert at det er nødvendig å ta omsyn til naboar og nærmiljø når det gjeld støy, spesielt på nattetid. Vi har derfor sett krav om at det ikkje er løyve med drift på natt, og at dette inkluderer høglydte aktivitetar på nattetid. Vi har opna opp for lasting av båt på kveldstid ved at dette kan skje mellom kl. 07:00 og 22:00 på kvardagar.

Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Risikoklassen viser forureiningspotensialet for verksemda og kor ofte Fylkesmannen skal føre tilsyn med verksemda.

Det er 4 risikoklassar, der 1 er for høgaste risiko, medan 4 er for lågaste. Risikoklassen blir normalt fastsett når Fylkesmannen gjev løyve.

Når vi plasserer ei verksemd i risikoklasse vurderer vi og tek omsyn til dei faktiske utsleppa (type og storleik), potensialet for utslepp ved uhell og liknande, og resipienttilhøva på staden.

Envir AS kan potensielt føre til støvutslepp, utslepp til vatn, lukt og mykje støy. I tillegg er verksemda i eit område der naboane er nærme tiltaket og Byfjorden indre del krev tiltak for å kunne nå miljømåla.

Fristar

Tabellen nedanfor gjev oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Henvisning til vilkår
Sende årsrapport til Fylkesmannen	1. mars	13.4

Gebyr

Fylkesmannen tek saksbehandlingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Gebyrforskrifta vart 1. januar 2017 endra og satsane vart oppjustert. I tillegg har Fylkesmannen brukt meir ressursar enn forventa på grunn av mange uttaler å ta omsyn til. Vi har derfor plassert verksemda under

gebyrsats 5, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 36 200 kroner i gebyr for løyvet. Gebyrsatsen er vald basert på Fylkesmannens ressursbruk ved handsaming av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rettt til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunnitt. Send klagen til Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Nina Vadøy
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Løyve etter forureiningslova med vilkår

Kopi til: Bergen kommune
Simonsviken Næringspark AS
Nygårdsviken Vel v/ Tove Fjell
Elin Dræge
Velforeningen Nygårdsviken 38-49 v/Alfred Rønning
Cecilie Åsen
Svanhild Sandtorv
Kyrre Tvedt
Glenn Samuelsen
Karsten Gundersen
Siri Sandtorv